



Det nest siste skroget i Sørfonnklassen er under slep til Fitjar Mekaniske Verkstad.

**I dag var et enno ein gong sjøsetjing på Eidsvik av eit skrog i Sørfonnklassen. Med dette er det eit skrog igjen i hallen som skal gjerast klar før anlegget er utleigd og vert teke i bruk av Selstad, Måløy. Kranfartyet EIDE LIFT 6 stod for sjølve sjøsetjinga og sninga av det siste skroget.**

Det er Fitjar Mekaniske Verkstad AS som er byggherre. Verksemda har mellom anna spesialisert seg på bygging av farty for oppdretts- og anleggsbransjen. Sørfonn klassen er bygd for døgndrift med fire lugarar og messe. Faryet, med ei lengde på 15 meter og breidde på 12 meter, er utstyrt med to kraftige kranar.

Når siste skroget er levert innan to månader, er Fitjar Mekaniske Verkstad førebels ferdige med sine oppdrag i Uskedalen. Engasjementet deira i bygda har ført til arbeidsplassar og verdiskaping med varehandel og matlevering.

Frå 1. august er Selstad på plass med driftsleiar og notbøtarar. Dermed startar ein ny epoke på Eidsvik Eigedom sitt anlegg i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kranfartyet EIDE LIFT 6 stod for sjølve sjøsetjinga på Eidsvik i dag.